

Valprogram for Kvinnherad Venstre 2015-2019



Venstre sin visjon er eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der alle har fridom til å skapa sin eigen veg til det gode liv, med ansvar for kvarandre og miljøet.

Samferdsle

Kvinnherad Venstre meiner at det er på høg tid at Kvinnherad får skikkelege kommunikasjonslinjer til og frå kommunen. Difor vert "Sunnhordlandsdiagonalen" viktig for oss. Trafikktryggleiken til innbyggjarane er og viktig, og der vil vi arbeide kontinuerleg gjennom heile perioden.

- Få endra Kvinnherad/Stord-sambandet slik at ferga vil gå frå Sunde til Jektevik, og få flytta bompengane frå Halsnøytunellen over på fergebilletten.
- Arbeide vidare med "Sunnhordlandsdiagonalen" for å knytte E134 til E39 gjennom Kvinnherad.
- Betra busstilbodet på ettermiddag og kveld; særskild til/frå Halsnøy og Valen.
- Arbeide for at det vert tilrettelagt med gatelys langs gang- og sykkelstiar og fortau langs skulevegane i kommunen.
- Arbeide for utbetring og rassikring på vegane til Mauranger og vegen til Åkra.
- Utbetre vegnettet på Halsnøy; siste biten mot Ranavik, Høylandsbygd mot Landa og vegen ut mot Sydnes, samt få utbetra Krokaparsellen, Lundsvingane, Hellandskrysset og Opsangersvegen.
- Arbeide for seinare avgangar med skyssbåt mot Bergen.

Skule og oppvekst

Kvinnherad Venstre arbeider for gode oppvekstkår, der både elevar og tilsette kjenner seg trygge og har gode læringsmiljø. Vi arbeider for at dei tilsette skal få vidare- og etterutdanning for å kunne vere best mogleg rusta til arbeidet sitt. Unge og rus er ei utfordring i kommunen, og dei tiltaka som er sett i verk må vidareforast og styrkast.

- Ha som mål om minst 50 % pedagogdekning i barnehagane, og gi pedagogane reell plantid ved å setje inn assistentar denne plantida.
- Arbeide for kompetanseutvikling og etterutdanning for tilsette innan barnehage og skule; dette i kommunalt samarbeid med t.d. Kvinnherad kompetansesenter. Kompensasjon for vidareutdanning innan barnehage-sektoren bør ha same vilkår som for lærarar i skulen.
- Styrkja samarbeidet med lokalt næringsliv for å sikre læreplassar til alle lærlingane og fokusere på entreprenørskap i skulen for å få betre arbeidstrening for elevane. Kommunen skal også tilby læreplassar, t.d. innan Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- Vi skal arbeide med den kommunale skulebruksplanen i samarbeid med dei tilsette for å redusere talet på skular; dette i tråd med «Pedagogikkalternativet» i planen og eit mål for auka kvalitet i skulen.
- Sikre at alle elevar kan følgje progresjonen i læreplanen når det gjeld symjeopplæring.
- Tilby leksehjelp på skulane i tråd med Forskrift til Opplæringslova; «*åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen.*»
- Prioritere førebyggjande tiltak retta mot born og unge med vekt på rus og mobbing. T.d. utekontakt, MOT, SLT-koordinator, unge&rus-satsinga, ungdomsklubbar o.l.



Kultur og idrett

Kvinnherad kommune har eit rikhaldig idretts- og kulturtilbod, frå dei heilt minste til dei eldste. Kvinnherad Venstre har alltid, og vil framleis vere, ein pådrivar for at desse tilboda skal vere tilgjengelege for alle.

- I tråd med ny økonomiplan, prioritere ein ny idrettshall på Husnes.
- Arbeide for å få midlar i økonomiplanen til innkjøp av ny bokbuss.
- Innføre kulturnæringsfond der ein kan søkje om støtte til små og store arrangement og kulturtiltak.
- Arbeide for ei auka tildeling av offentlege spelemidlar til kommunale og private anlegg i Kvinnherad.
- Styrka satsinga på kulturtilbod for born og unge i skulen (Den kulturelle nistepakken) og kulturtilbod for seniorar (Den kulturelle spaserstokken).
- Tilsetje ein idrettskonsulent når det er økonomisk forsvarleg; denne skal m.a. vere støttespelar for klubbane ved søknad om ulike tilskotsordningar.
- Støtte utviklinga av aktivitetsparkane i kommunen.

Økonomi, næring og samfunn

Kvinnherad kommune har eit driftsnivå som er altfor høgt. Dette gjev store utfordringar, og Kvinnherad Venstre kjem til å arbeide hardt for at kommunen skal klare å senke nivået utan at det går ut over tenestene.

- Kvinnherad Venstre vil gjenreise tillita til kommunestyret. Dette ved politikarar som tek ansvar for heile Kvinnherad, med hjelp frå ein tydeleg administrasjon som legg fram klare val og konsekvensar.
- Venstre vil revurdere heile organisasjonsstrukturen i Kvinnherad kommune for å sikre ei profesjonell og økonomisk forsvarleg drift.
- Venstre vil fjerne eigedomsskatt på næring; me meiner dette vil stimulere til auka næringsverksemd, som igjen gir meir att enn skatteinntektene. Venstre vil ikkje ha eigedomsskatt på hus og hytter.
- Styrkje Husnes som regionsenter, slik at heile kommunen dreg nytte av det.
- Arbeide for å alltid ha tilgjengeleg bustad- og industriområde med tilrettelagt infrastruktur. På dette viset kan ein enklare trekkje til seg nye innbyggjarar og ny næring.
- Realisere Folgefonnsenteret, slik at ein m.a. kan halde fram arbeidet med å utvikle gode besøksmål for Folgefonna Nasjonalpark.
- Hydro Husnes må sikrast ein langsiktig kraftavtale, samt vidareføring av CO2-kompensasjonsmidlar.

Miljø

Kvinnherad Venstre tek klima- og miljøutfordringane på alvor, og ynskjer at Kvinnherad kommune skal gjere det same. Utskifting av bilpark, miljøsertifisering av verksemdar og innkjøp, samt gjere dei kommunale bygga energieffektive, er saker som er viktige for Kvinnherad Venstre.

- Opprette Kvinnherad kommune sin miljøpris. Denne kan gå til private eller bedrifter som gjer ein ekstra innsats for miljøet i Kvinnherad.
- Delta aktivt i anbudsrundar for å sikre at miljø blir vekta likt som pris.



- Arbeide for at kommunale innkjøp skal vere miljømerka og at kommunale verksemdar skal vere miljøsertifiserte. Alle nye kommunale bygg skal byggjast så miljøvenleg og energieffektive som mogleg. Målet må vere å få bygga BREEM-sertifiserte eller tilsvarande.
- At kommunale tenestebilar så langt det let seg gjera skal vere miljøvenlege slik som elbilar, samt ha ladestasjonar for slike ved dei kommunale tenestesentera i Kvinnherad.
- Ha ei god, offentleg forvaltning av strandsona, badestrender og friområde.
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og arbeide for lukka anlegg for å hindra spreiding av lakselus og røming av fisk. Dette for å sikre levevilkåra til m.a. villaks og sjøauer. Næringa skal sjølv bera kostnadane med ulemper og skadar ved røming.
- Følgje tilrådingane frå NVE med omsyn til landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald ved søknad om utbygging av nye småkraftverk.

Helse og sosial

Kvinnherad Venstre arbeider for at dei offentlege tenestene skal vere så gode som mogleg. Vi meiner at det er viktig å forebyggje for å halde folk lenger i arbeid, at dei kan bu lenger heime og kan klare seg sjølv.

- Byggje opp kompetansesentre på sjukeheimane rundt om i kommunen, t.d. på palliasjon, rehabilitering, demens etc., samt leggje betre til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette i helsesektoren for både ufaglærte og faglærte. Dette vil spisse kompetansen til dei tilsette, samstundes som det gjer tryggare rammer for brukarar og pårørande.
- Venstre meiner det er vår moralske plikt å ta imot menneske på flukt. Kvinnherad må ta eit større ansvar for å busetje fleire flyktningar, og sikre at dei ulike etatane får nok ressursar til å gi ei god integrering.
- Gi Ungdomens kommunestyre, Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma talerett i kommunestyret i saker som vedkjem deira arbeid.
- Byggje omsorgsbustader og sikre tilpassa bufellesskap for funksjonshemma og eldre. Desse bør plasserast med kort veg til butikk og offentlege helsetenester. Ein må leggje til rette for at folk skal kunne bu lengst mogleg i sin eigen heim, samtidig som dei må få den hjelpa dei treng for å klare det.
- Auke dagtilbodet og eit tilrettelagt tilbod for eldre, samt arbeide for å halde på dei forebyggjande tiltaka vi har i kommunen. Kvinnherad må bli ein pilotkommune i det vidare folkehelsearbeidet ved m.a. bruk av Frisklivssentral.
- Starte opp att sentralkjøken på Husnestunet og la dette levere mat til institusjonane i Kvinnherad.
- Ferdigstille nytt Rosendalstun i løpet av kommunestyreperioden. Skape auke i sjukeheims- og omsorgsplassar i Kvinnherad. Sjukeheimane må styrkast i samsvar med Samhandlingsreforma.



KVINNHERAD
venstre